



Samtykke til oppretting og deltaking i stafettlogg

Namn født

Samtykke til oppretting av stafettlogg:

- Eg/me gjev samtykke til oppretting av elektronisk **stafettlogg**
- Eg/me er gjort kjent med at formålet med utveksling av opplysningar er å gje barnet/ungdommen best mogeleg hjelpetilbod, og at informasjon som vert delt er avgrensa til det som til ei kvar tid er nødvendig.
- Eg/me er gjort kjent med kva det inneber å opprette ein stafettlogg jfr. «Introduksjon for føresette»
- Samtykke mitt/vårt gjeld så lenge barnet/ungdommen mottek hjelp. Eg/me er gjort kjent med at eg/me nå som helst kan trekkje tilbake samtykket.

.....
Stad, dato Føresett med foreldreansvar Føresett med foreldreansvar

Elev over 15 år.....

Samtykke til innsyn i eksisterande stafettlogg:

- Eg/me gjev samtykke til innsyn i eksisterande stafettlogg for mitt/vårt barn.
- Eg/me er gjort kjent med at formålet med innsyn og utveksling av opplysningar er å gje barnet/ungdommen best mogleg hjelpetilbod, og at informasjonen som vert delt er avgrensa til det som til ei kvar tid er nødvendig. Samtykket mitt/vårt gjeld så lenge barnet mottek hjelp. Eg/me er gjort kjent med at eg/me når som helst kan trekkje tilbake samtykket.

.....
Stad, dato Føresett med foreldreansvar Føresett med foreldreansvar

Dersom ungdommen er over 15 år vil han/ho i nokre saker kunne samtykke sjølv. Sjå rettleiar for regelverk rundt samtykke

Elev over 15 år

Dersom det er to føresette med foreldreansvar, og den eine ikkje har signert samtykke, pliktar stafetthaldar å loggføre kvifor begge ikkje har signert og kva tiltak som er gjort for å innhente signatur frå begge.

Stafettloggen vert etablert frå (dato), og vert avslutta enten etter endt måloppnåing eller dersom føresette ynskjer å avslutta loggen.



Betre tverrfagleg innsats STAFETTLOGG

Dokumentasjon, samarbeid og gode overgangar

EIN INTRODUKSJON FOR FØRESETTE

Formålet med samtykket er å gje samarbeidande tenester same tilgang til oppdatert informasjon om mål, tiltak, ansvar og evaluering. Dette som eit verktøy for god og tverrfagleg samhandling rundt barnet/ungdommen.

Målsettjninga er å sikra medverknad frå føresette og barnet/ungdommen og samarbeida betre om tiltak som er til det beste for barnet/ungdommen.

Ein føresetnad for ei slik målsettjning er eit godt samarbeid og open kommunikasjon, noko den elektroniske stafettloggen er eit eigna verktøy for.

Kva er ein stafettlogg?

- Stafettlogg er ein elektronisk logg over tiltak og effekt av desse
- Stafettloggen har oversikt over alle iverksette og evaluerte tiltak for barnet/ungdommen
- Stafettloggen gjev oversikt over møter
- Stafettloggen gjev oversikt over kva tenester og kva fagpersonar som er involverte

Stafettloggen vert alltid utarbeidd i samarbeid med dei føresette, med deira samtykke. Gjennom lesetilgang vil dei føresette ha fullt innsyn i loggen.

Dersom fleire tenester skal involverast i stafettloggarbeidet, skal føresette gje særskilt samtykke til dette. Det same gjeld når barnet/ungdommen vert overført til anna teneste i kommunen.

Varighet

Stafettloggen vert avslutta når mål er nådd, til dømes ved at tiltaka har gjeve den effekten ein ynskjer.

Loggen kan avsluttast undervegs dersom dei føresette ynskjer det.

Ein treng ikkje oppgje årsak til at ein ikke lenger vil delta i stafettloggen.

Det vert gjort merksam på at det som er registrert i loggen, vil følgja arkivlovgjevinga og verta teke vare på for framtida.

Korleis koma inn på Stafettloggen

1. Skriv følgjande adresse inn i adresselinja:
<https://stafettloggen.conexus.no/Account/Index?ReturnUrl=%2f>
2. Følg lenka på heimesida til Kvinnherad kommune
3. Når du har opna påloggingssida, logger du på med Bankid

Spørsmål

Ved spørsmål om stafettloggen, er du velkommen til å kontakta tenesta.

Du kan også få meir informasjon om stafettloggen på Betre Innsats Kvinnherad:

<https://kvinnherad.betreinnsats.no/>



KVINNHERAD
K O M M U N E

Unntatt offentlighet, jf. Fvl § 13, hpl § 21, jf